

## Rutine for bruk av lærlingklausulen i HFK sine kontraktar

### Innleiing

Lærlingklausulen er tatt inn i forskrift om offentlige anskaffelser §3-11 (3):

*For arbeid som skal utføres i Norge, kan oppdragsgiver sette som betingelse for gjennomføringen av kontrakten at leverandøren skal være tilknyttet en offentlig godkjent lærlingordning. Oppdragsgiver skal da også kreve at det benyttes lærlinger på den konkrete kontrakten. Slike betingelser kan likevel kun settes dersom det er et klart definert behov for lærlingplasser i den aktuelle bransje.*

Det er altså no slik at om ein krev at leverandøren er tilknytt ein offentleg godkjent lærlingordning, så må ein også krevje at det vert nytta lærling på den aktuelle kontrakten. Føresetnaden er då at det er eit «klart definert behov for lærlingplassar» i bransjen.

Til orientering gjeld dette berre førebels. Lærlingklausulen vil bli tatt inn i lova sommaren 2016, og det vil bli utarbeidd ei eiga forskrift med nærmare regulering av bruk av lærlingar i offentlege kontraktar.

Innkjøpsseksjonen ønskjer likevel å bidra til å sikre god bruk av lærlingklausulen fram til endringane er på plass. Det inneber at vi tilrår ei positiv innstilling til å ta med krav til lærling, ei vid forståing av kva som ligg i formuleringa «klart definert behov for lærlingplassar» og ein tett dialog med fagopplæring.

Då behovet for lærlingplassar handlar både om lærlingens og samfunnets behov er fagopplæring er av den oppfatning at det generelt er behov for lærlingar i alle bransjar/fag. Fram til nærmare retningslinjer knytt til dette er vedtekne, vel HFK å tolke fråsegna vidt. Vi legg difor til grunn at ein i utgangspunktet skal ha lærlingar i alle kontraktar.

KS, Difi, Fellesforbundet og Byggenærings Landsforbund har laga nokre seriøsitetskrav, der krav til lærling inngår. Kontraktskravet inneber at 7 % av arbeidde timer skal utførast av lærlingar. For kontraktar knytt til bygg- og anlegg, tilrår vi bruk av denne klausulen slik den står. Meir informasjon om seriøsitetskrava finn du her: <http://www.anskaffelser.no/verktøy-seriositetsbestemmelser-bygg-og-anleggskontrakter>.

For alle kontraktar som ikkje gjeld bygg og anlegg, tilrår vi bruk av klausulen i noko moderert form. Det vil seie at vi opnar for å redusere prosentsatsen og for at kravet om bruk av lærling kan fråvikast heilt ved særlege tilfelle. Dette for å sikre at leverandøren og vi får ein kontrakt som fungerer og at vi klarar å følgje opp våre eigne krav.

Rutinen er sendt på høyring til Skyss, Bybanen Utbygging og Eigdomsavdelinga.

På bakgrunn av dette har innkjøpsseksjonen utarbeidd følgjande rutine for bruk av lærlingklausulen:

### RUTINE

#### Oppstart av konkurransen

Konkurranseleiar sjekkar om ein skal ta med lærlingklausulen i den aktuelle konkurransen, og kva fagområder/bransjar som er aktuelle for kontrakten. Utgangspunktet er at alle kontraktar skal innehalde krav om bruk av lærling. Vi tilrår å sjekke ut [www.vilbli.no](http://www.vilbli.no) for oversikt over lærlingfag, og ta gjerne kontakt med fagopplæring ved Anne Sara Svendsen eller Grethe Juvik Lohne for meir info om kva lærefag som kan vere aktuelle for kontrakten.

Dersom ein vel å ikkje ta med lærlingklausulen, skal dette grunngjenvæst i anskaffingsprotokollen.

#### Bruk i konkurransedokumenta

Innkjøpsseksjonen har inkludert lærlingklausulen i våre eigne konkurransemalar. Einingane kan oppdatere sine malar på bakgrunn av våre innspel, og vi har derfor føreslått formuleringar som kan inkluderast i konkurransedokumenta.

### **Konkurransegrunnlaget:**

I sjølve konkurransegrunnlaget bør ein ta med nokre setningar om samfunnsansvar og at vi oppmodar tilbydarane om å setje seg inn i krava.

*«Hordaland fylkeskommune ønskjer å ha leverandørar som viser samfunnsansvar. Det er stilt visse krav til sosiale tiltak i kontrakten, t.d. løn- og arbeidsvilkår og krav om lærling, og vi ber om at tilbydar set seg godt inn i desse krava før innlevering av tilbod.»*

### **Kontrakten:**

Nedanfor følgjer eit forslag til lærlingklausul som kan nyttast i kontrakten. For innkjøpsseksjonen sin del er det aktuelt å leggje dette inn under eit punkt om leverandøren sitt personell fordi denne også har eit avsnitt om løns- og arbeidsvilkår. Vi har forståing for at plasseringa vil variere ut frå utforminga av kontrakten i dei ulike einingane, og at det ved bruk av standardar vil vere aktuelt å inkludere klausulen i eige vedlegg.

### **Generelle kontraktar (ikkje bygg og anlegg)**

*Ved utføring av arbeid knytt til kontrakten skal minimum (2) % av arbeidde timer verte utført av lærlingar, jf. opplæringslova § 4-1. Krava kan verte oppfylt ved at arbeidde timer er utført av personar som er under systematisk opplæring og er meldt opp etter krava i Praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 3-5. Krava kan også verte oppfylt ved å nytte lærlingar etter tilsvarende ordning i anna EU/EØS- land og personar som er under systematisk opplæring og er meldt opp etter tilsvarende ordning som krava i Praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 3-5, i anna EU/EØS- land.*

*Kravet kan verte oppfylt av leverandøren og ein eller fleire av hans underleverandørar.*

*Dersom arbeida ikkje er eigna ut frå arbeidets art og helse, miljø og tryggleik kan oppdragsgjevar tillate at leverandøren ikkje oppfyller prosentkravet ovanfor. Dersom leverandøren ikkje har lærling til tross for at det er gjennomført hensiktsmessige tiltak for å få lærling, kan oppdragsgjevar fråfalle kravet om bruk av lærling heilt. Oppdragsgjevar vil då skriftleg stadfeste at kravet om lærling er falt bort.*

*Leverandøren skal ved oppstart, og på førespurnad under gjennomføringa av kontraktsarbeidet, sannsynliggjere at krava vil bli oppfylt. Ved avslutninga av kontrakten skal det leggjast fram oversikt over tal lærlingtimar. Timelister skal leggjast fram på førespurnad.*

### **Bygg- og anleggskontraktar**

*Ved utføring av kontraktsarbeidet skal minimum 7 % av arbeidde timer innanfor bygg- og anleggsfaga samla (omfatta av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk, samt anleggsgartnarfaget) verte utført av lærlingar, jf. opplæringslova § 4-1. Krava kan verte oppfylt ved at arbeidde timer er utført av personar som er under systematisk opplæring og er meldt opp etter krava i Praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 3-5. Krava kan også verte oppfylt ved å nytte lærlingar etter tilsvarende ordning i anna EU/EØS- land og personar som er under systematisk opplæring og er meldt opp etter tilsvarende ordning som krava i Praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 3-5, i anna EU/EØS-land.*

*Kravet kan verte oppfylt av leverandøren og ein eller fleire av hans underleverandørar.*

*Dersom arbeida ikkje er eigna ut frå arbeidets art og helse, miljø og tryggleik kan byggherren tillate at leverandøren ikkje oppfyller prosentkravet ovanfor.*

*Leverandøren skal ved oppstart, og på førespurnad under gjennomføringa av kontraktsarbeidet, sannsynliggjere at krava vil bli oppfylt. Ved kontraktsavslutning skal det leggjast fram oversikt over antall lærlingtimar. Timelister skal leggjast fram på førespurnad.*

**Oppfølging i kontraktmøte, under kontrakt og ved avslutning av kontrakt**

Klausulen stiller krav til oppfølging av oppdragsgjevar ved oppstart, og det er naturleg å følgje dette opp under kontrakten, t.d. i statusmøter. Det kan også vere aktuelt å leggje informasjon om bruk av lærling inn i krava som er knytt til rapportering og statistikk frå leverandøren.